



Jnr. 1050.18
GJG/rr

Ordførarar og rådmenn i Sunnhordland
Ordførar og rådmann i Fusa kommune
Ordførar og rådmann i Haugesund kommune
Ordførar og rådmann i Vindafjord kommune

INNKALLING TIL MØTE I SAMARBEIDSRÅDET

Det vert med dette kalla inn til møte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland

fredag 25. mai kl. 09.15 på Hydro Husnes, Husnes.

Ferje frå Skjersholmane kl. 08.00.

Då vert føre:

- | | |
|-----------|---|
| Sak 18/18 | Godkjenning av referat frå møte 16. mars d.å. |
| Sak 19/18 | Nye oppgåver til fylkeskommunane – høyring |
| Sak 20/18 | Bruk av tiltakspotten |
| Sak 21/18 | Interkommunal strandsonenplan for Sunnhordland og Fusa - fellesdel |
| Sak 22/18 | Uttale vedrørande E39 Stord-Os |
| Sak 23/18 | Høgrisiko fengsel i regionen |
| Sak 24/18 | Skriv og meldingar |
| | a) Konferanse/temadag om dei vg. skulane i regionen 28 september |
| | b) Møte i Sandeid 8 juni – fengsel |
| | c) SKAP – Kurs for reiselivsbedrifter og lokalmatprodusentar i Sunnhordland |
| | d) Herifrå 2018 |
| | e) Byregionprogrammet |
| | f) Søknad om nasjonal status Geopark Sunnhordland |
| Sak 25/18 | Ymse |

Sunnhordland, 16 mai 2018

Gro Jensen Gjerde
dagleg leiar

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 25.mai 2018 kl. 09.15
Hydro Husnes, Husnes

Sak 19/18
GJG/rr

NYE OPPGÅVER TIL FYLKESKOMMUNANE

Uttalen vart vedteken pr. epost og vart sendt til Kommunal og moderniseringsdepartementet 8. mai.

Uttalen ligg som vedlegg.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 25.mai 2018 kl. 09.15

Hydro Husnes, Husnes

Sak 20/18

GJG/rr

BRUK AV TILTAKSPOTTEN

Samarbeidsrådet hadde i september 2017 oppe ei sak vedrørende auke i tiltakspotten frå kr. 2 til kr 7 pr. kommune. No har alle kommunane gjort positive vedtak om ein slik auke. Dette inneber at potten har auka frå ca . kr. 130 000,- til ca kr. 455 000 pr. år.

Statuttane for bruk av tiltakspotten er at det er Samarbeidsrådet som skal vedta kva midlane skal nyttast til. Dette på bakgrunn av ein prosjektplan og/ eller ei sakshandsaming.

Administrasjonen ser at det i periodar kan verta utfordringar for å få på plass nødvendige vedtak, og føreslår at administrasjonen får fullmakt saman med styreleiar til å nytta deler av tiltakspotten dersom det skulle verta nødvendig for ikkje å mista tid i prosjekt. Ein føresetnad må vera at bruk av midlane er innanfor områder som er i Handlingsplanen. Bruk av midlane skal orienterast om i påfølgjande møte i Samarbeidsrådet.

Framlegg til vedtak:

Administrasjonen får i saman med styreleiar fullmakt til å nytta delar av tiltakspotten til prosjekt. Bruk av midlane skal orienterast om til Samarbeidsrådet i påfølgjande møte.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 25.mai 2018 kl. 09.15
Hydro Husnes, Husnes

Sak 21 /18
GJG/rr

INTERKOMMUNAL STRANDSONEPLAN FOR SUNNHORDLAND OG FUSA - FELLEDEL

Interkommunal strandsoneplan med framlegg til mal for føresegner vart sendt på høyring med frist 1. oktober 2015. Innkomne merknader er tidlegare sendt kommunane til orientering, men ligg no som vedlegg til saka med kommentar. Spesielt kom det fleire merknader og innvendingar frå Fylkesmannen som konsentrerte seg om forslag til felles mal for føresegner.

Ei arbeidsgruppe samansett av Wenche Tislevoll, ordførar i Fitjar, Gro Jensen Gjerde, dagleg leiar i Samarbeidsrådet Atle Ternes, Rådmann i Fitjar (erstattar Trond Sætereng som har slutta) og Tore Bjelland, prosjektleiar hadde 20. april 2016 eit møte med representantar frå Fylkesmannen og Fylkeskommunen for å ha ein felles gjennomgang av føresegnene.

Ressursgruppa som består av representantar frå plan i kvar kommune hadde ein gjennomgang av framlegget i november 2016, og innspela vart med i framlegg til føresegner. Desse vart igjen gått gjennom i møte med representant for fylkesmannen våren 2017. Hausten 2017 oppretthaldt fylkesmannen sitt motsegn på bakgrunn av eit referat frå dette møte.

Arbeidsgruppa har arbeidd vidare med føresegnene, og har prøvd å harmonisera desse opp i mot vedteken «Plan for kystsona i Sunnhordland og ytre Hardanger». Denne planen omfattar også strandsona. Denne planen er likevel ikkje gjeldande enno, då kommunane Austevoll, Fitjar, Kvinnherad, Sveio og Tysnes har anka den inn til Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Då planen var på høyring gav fleire tilbakemelding på at den var for omfattande. I staden for å skriva om deler av planen, har arbeidsgruppa flytta deler av planen over til vedlegg.

Planform

Plan- og bygningslova fastlegg dei planjuridiske rammene for gjennomføring av planarbeidet. Arbeidet med den interkommunale planen vart organisert i samsvar med kap. 9 i Plan- og bygningslova om interkommunalt plansamarbeid. Sjølve plantypen er ein overordna plan på kommuneplannivå og planarbeidet er lagt opp til ei gjennomføring i samsvar med kapittel 11 om kommuneplan, og omfattar i hovudsak 100-metersbeltet langs sjøen og 50m ut i sjø frå strandlina.

Den interkommunale planen skal vera det overordna styrande plandokumentet for all arealbruk og forvaltning av areal i strandsona til dei deltakande kommunane. Planen skal visa arealformål og omsynssoner for bruk og vern av areal i strandsona. Kwart kommunestyre i dei deltakande kommunar skal treffa endeleg vedtak for sitt område.

Planarbeidet er inndelt i to bolkar.

- Ein fellesdel som inneheld målsettingar, registreringar med temakart med felles kunnskapsgrunnlag og felles planføresegnader for planarbeidet i kommunane. I fellesdelen ligg også utkast til mal for føresegner som kommunane er føresett leggja til grunn ved utarbeiding av føresegner til sine kommunedelplanar/kommuneplanar.
- Ein juridisk bindande kommunedelplan/kommuneplan med arealkart og føresegner som omfattar strandsona i den einskilde kommune som må vedtakast av kommunestyret i kvar kommune. Dette planarbeidet byggjer på fellesdelen og felles mal for føresegner. I kommunane kan dette planarbeidet gjennomførast som del av planarbeidet ved rullering av kommuneplanen eller ved at det blir utarbeidd eigen kommunedelplan for strandsona.

Verknad av planen

I møte i arbeidsutvalet 4. mai vart det ei drøfting på når Strandsoneplanen med føresegner vert juridisk bindande. Arbeidsutvalet ba administrasjonen få ei avklaring på dette før planen vert lagt fram for Samarbeidsrådet.

I samarbeid med ordførar Morten Storebø, Austevoll kommune og jurist, er det gjort følgjande avklaringar/ drøftingar.:

Plan og Bygningslova §9 omhandlar interkommunalt plansamarbeid, som går meir på metodikk. §11 omhandlar kommuneplanar og delplanar, kva plannivå planen tilhøyrrer.

Spørsmålet no er kor tid den interkommunale planen skal få verknad.

Etter Plb vert planen juridisk bindande når kommunane innarbeider føresegnene i revidering av sin kommuneplan, og føresegnene vert knytta opp mot arealkartet.

Intensjonane har vore at fellesdelen til strandsoneplanen, ikkje skulle behandlast som ein kommunedelplan, men at kvar kommune ved rullering av sin kommuneplan skal integrera målsetjingar og føresegnene m.m for strandsoneplanen.

Spørsmålet då vert kva status fellesdelen til strandsoneplanen har i mellomtida, frå eit kommunestyre gjer tilslutnad til føresegnene, eit vedtak som ikkje er rettsleg bindande, jamf. Plb og i tida fram til at planen får reell rettsleg verknad ved revidering av kommuneplanen.

Kommunane bør politisk slutta seg til føresegnene og forplikta seg til å leggja dette inn ved neste revidering av kommuneplanen. Det inneber at planstatus vert kommunedelplan, jamf. Pbl. Då er planen rettsleg bindande i frå det tidspunkt kvar einskild kommunestyre godkjenner den og føresegnene vil gjelda føre føresegn i eldre kommuneplanar.

Utdrag frå innleiinga til kapittel om føresegner:

Føresegnene vert juridisk bindande når dei vert knytt til kommuneplanen sitt arealkart og vedteke som føresegner til kommuneplanane i kvar kommune, jf. PLB § 9 – 3 i kapittel om interkommunalt plansamarbeid der det heiter i siste avsnitt at «Hvert kommunestyre treffer endeleg planvedtak for sitt område.» Planprosess og innhald går fram av PLB sitt kapittel 11 om kommuneplan.

Dette vert siste bolken i det interkommunale planarbeidet som det er føresett at kommunane sjølv skal ha ansvaret for. Det er då viktig at kommunane sluttar seg til det

felles plangrunnlaget med retningslinjer, her under forslag til føresegner, og arbeidar dette inn i sine kommuneplanar/kommunedelplanar.»

Pilotstatus – plassering i sone 3, «områder med mindre press på areala»

Departementet har gjeve prosjektet pilotstatus. I dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen av 25. mars 2011 vart alle kommunane i ein prøveperiode plassert i kategori 3 - områder med mindre press på areala – fram til 2014. Dette er no forlenga til juni 2020. Med bakgrunn i evalueringa og kommunereforma skal retningslinjene bli revidert i 2020, og vurdering av ny plassering i soner vil bli gjort i samband med revisjon av retningslinjene.

Det er undervegs i denne lange prosessen stilt spørsmål på planform og vidare handsaming i den einskilde kommune, spesielt vart det fokusert på spørsmålet om ein kunne forplikta kommunane sterkare til å følgja tilrådingane i fellesdelen.

- Skal planen (føresegner og retningslinjer) få verknad når kommunane anten reviderer KPA eller innfører kommunedelplan for strandsona slik arbeidsgruppa har føreslege?

Grunnen til at dette er viktig er følgjande:

- Arbeidet med strandsoneplanen, og det viktige resultatet må bli heimla i eit dokument som har ein lovheimel, og som forpliktar både fylkesmannen og kommunane.

Samarbeidsrådet bør i møte drøfta denne problemstillinga.

Føresegna om interkommunalt plansamarbeid følgjer av kapittel 9 i plan- og bygningslova:

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/KAPITTEL_2-3-3#§9-6

Lova har to unntak for kommunar ved usemje med planinnhaldet. Det eine er mekling og det andre er å trekke seg frå plansamarbeidet. Det at lova har desse to ventilane, tilseier at det ved interkommunalt plansamarbeid ikkje skal vere forskjell i planføresegn m.v. frå kommune til kommune.

Prosjektet byggjer på eit vedteken planprogram med mandat som vart vedteke etter høyring og omfattande drøftingar i Samarbeidsrådet.

Av omsyn til departementet si seinare vurdering av permanent plassering i kategori, er det viktig at kommunane står samla bak prosjektet sine tilrådingar og at kommunestyra vedtek desse.

Framlegg til vedtak

1. Samarbeidsrådet godkjenner planen slik den ligg føre. Strandsoneplanen vert sendt ut til kommunane med høyringsfrist 15. september d.å.
2. Samarbeidsrådet føreset at kommunane forpliktar seg til å følgja dei tilrådingane og retningslinjer, herunder felles føresegner som er utarbeidd i fellesrapporten del 1. i det interkommunale planarbeidet.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 25.mai 2018 kl. 09.15
Hydro Husnes, Husnes

Sak 22/18
GJG/rr

UTTALE VEDRØRANDE VAL AV TRASÈ E39 STORD-OS

Statens vegvesen har hatt Planforslag med tilleggsutredning for to nye brualternativ over Bjørnefjorden E39 Stord – Os på høyring. Høyringsfristen var 30. april.

Det er lagt opp til at dei to nye brualternativa skal handsamast saman med den øvrige kommunedelplanen i Samferdsledepartementet og Kommunal og Moderniseringsdepartementet medio 2018.

Erfaringane syner at slike prosessar tek lenger tid enn planlagt, og Arbeidsutvalet drøfta i sitt møte at det kan vera på sin plass å be om at det kjem ein fortgang i dette arbeidet. Dette også fordi kryssing over Langenuen og er ein del av debatten i høve til ferjesambandet Stord- Kvinnherad.

Framlegg til uttale

Vestlandet er inne i ein periode der behovet for omstilling er stor. Det er difor svært viktig at ein får på plass ein moderne trafikksikker 4 felts veg mellom Bergen og Stavanger, slik at ein frå knyta Vestlandet saman. Eit større bu og arbeidsområde mellom Stavanger og Bergen vil gje konkurransemessige føresetnadar for næringslivet på heile sør-vestlandet.

Hordfast er eit av dei mest lønsame prosjekta i NTP og det er viktig at prosjektet vert fullfinansiert i neste NTP rullering (2022-2027). Mykje av arbeidsmarknaden i Bergensområdet ligg sør for Bergen sentrum, noko som ved realisering av Hordfast vil gje pendlaravstand mellom Sunnhordland og Bergen.

Statens vegvesen har hatt Planforslag med tilleggsutredning for to nye brualternativ over Bjørnefjorden E39 Stord – Os på høyring. Høyringsfristen var 30. april.

Det er lagt opp til at dei to nye brualternativa skal handsamast saman med den øvrige kommunedelplanen i Samferdsledepartementet og Kommunal og Moderniseringsdepartementet medio 2018. I denne handsaminga ligg og ei avgjerd over kor bru over Langenuen skal kryssa.

Samarbeidsrådet ber om at det kjem ei avgjerd som planlagt innan medio 2018, slik det er lagt opp til. Dette er viktigast for å få ei snarleg realisering for å knyta Vestlandet saman.

Framlegg til vedtak:

Samarbeidsrådet godkjenner uttalen slik den ligg føre.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 25.mai 2018 kl. 09.15
Hydro Husnes, Husnes

Sak 23 /18
GJG/rr

HØGRISIKO FENGSEL I REGIONEN

På oppdrag for Haugaland Vekst og Samarbeidsrådet for Sunnhordland leverte Norconsult i november 2008 rapporten «Nytt fengsel på Haugalandet – en behovsvurdering»
Bakgrunnen for rapporten var at det i ein region på då ca 167 000 innbyggjarar berre hadde 18 soningsplassar med høgt sikkerheitsnivå. I tillegg har ikkje Haugesund fengsel tenlege fasilitetar etter dagens krav.

Rapporten har lagt til grunn at regionen er avgrensa til å omfatta same geografiske områder som Helse Fonna. Med utgangspunkt i nasjonale prognosar for behov for fengselsplassar, justert i høve til relativt omfang av kriminalitet på Haugalandet, vert framtidige behov for fengselsplassar vurdert til å liggja på 60 høgrisiko og 60 plassar på lågare sikkerheitsnivå. Dette må til dersom regionen skal ha ein eigendekning (nb. tal frå 2008)

Rapporten seier og ein del om dei lite tenlege fasilitetane ved Haugesund fengsel.

Samarbeidsrådet har sidan rapporten var ferdig arbeidd for lokalisering av nytt høgrisiko fengsel i Sveio.

Haugaland Vekst bestilte i 2017 rapporten «*Etablering av fengsel med høyt sikkerhetsnivå i Haugaland/Sunnhordland regionen*». Denne rapporten skal bidra til å få ein felles forståing for metodar og prinsipp som Staten ved Direktoratet for Kriminalomsorg (KDI) nyttar ved gjennomføring og utarbeiding av konseptutvalsutgreiingar. I tillegg meldte kommunar på Haugalandet inn aktuelle lokasjonar for fengsel.

Nye tal syner no at regionen sitt behov for høgt sikkerheitsnivå er kalkulert til 91 plassar i 2014 og 100 i 2024. Tala samsvara med storleiken på eit nytt «standardfengsel» som ein har kome fram til i arbeidet med KVVU for region Sør og Øst. Då er 18 erstatningsplassar for dagens fengsel inkludert. Akutte behov for rehabilitering ved Haugesund fengsel vert spart ved å prioritera Haugesund/ Sunnhordland – regionen.

Rapporten seier og at eitt nytt fengsel med høgt sikkerheitsnivå i regionen også gjer moglegheitene å sjå samarbeid/ vekselverknad mellom høg og låg nivå internt på Vestlandet med vidare drift av Sandeid i same skala.

Rapporten seier og at Haugaland og Sunnhordland regionen har fleire gode lokaliseringalternativ som innfrir krava som er nytta for dei nye fengsla som skal er bygd eller skal byggast. Dei 11

alternativa som Haugaland Vekst har fått innspel på er i rapporten redusert til hovudalternativ og kun samanstilt og referert.

Oversikten i figuren under viser nøkkeltal for dei 6 tomtealternativa. Dette er Bokn/Knarholmen, Karmøy/Helganesvegen, Sveio/Ekrene Vest, Tysvær/Aksdal Næringspark, Tysvær/Haugaland Næringspark og Vindafjord/Sandeid.

Kriteriet	Bokn_Knarholmen til Arsvågen	Karmøy Helganesvegen	Sveio_Ekrene Vest	Tysvær Aksdal_Næringspark	Tysvær haugaland Næringspark	Vindafjord_Sandeid fengsel
Min. 100 daa størrelse	Ca 1000da	200 daa	200 daa	Ca 100 daa	Ja	37daa
Min. 100 m til boligområde	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	ja
Nærhet 500 m til næringspark	Ja, i nord	Ja	Ja	Ja	Ja	nei
Maks 1 km til hovedveg	100_E39	100_E134	400_fv47	850_E39	1700_fv47	100_fv514
Avstand nærm. brannstasjon	5km/6min	9km/11min	9km/9min	4km/6min	14km/14min	3km/5min
Avstand Haugesund politistasjon	36km/36min	12km/17min	12km/17min	2km/5min	21km/22min	55km/55min
Avstand Haugaland Tinghus	36km/36min	12km/17min	12km/17min	16km/20min	21km/22min	55km/54min
Avstand Haugesund sjukehus	36km/36min	12km/16min	11km/15min	15km/17min	21km/22min	55km/54min
Avstand Flyplass Haugesund-Karmøy	32km/30min	2km/3min	24km/29min	23km/25min	17km/17min	62km/63min

«Det er viktig å understreke at det er flere alternativer i Haugaland/Sunnhordland-regionen som innfrir kravene til lokalisering som stilles av KDI til et nytt fengsel. I tillegg ligger de fleste alternativene også meget sentral langs hovedvegforbindelsene som binder sammen denne regionen med de øvrige på Vestlandet. E 39 skal oppgraderes betydelig og er sentral for hele Vestlandet mellom Egersund/Stavanger i sør til Ålesund i nord.»

I februar 2017 ga KDI signal om at ein KVVU for Vestlandet skulle i gangsetjast 2. halvår av 2017, basert på mandat gjeve av regjeringa i januar 2017. I justiskomiteen sin merknad er fengselkapasiteten på Haugalandet/ Sunnhordland eksplisitt omtala:

«når det gjelder eksisterende fengselsbygg, vil komiteen spesielt peke på fengselsbyggene i Ålesund og Haugesund. Disse fengslene er pusset opp, og man har gjort det beste ut av en vanskelig situasjon, men komiteen mener tiden er inne for å erstatte dagens bygg med nye»

KVVU for Vestlandet vil omfatta Møre og Romsdal, Sogn og fjordane og Rogaland. Det er rekna at det vil ta fire til fem år frå oppstart av KVVU til ei bygging kan starta.

Det er Ålesund regionen som også har behov for nytt fengsel.

Rapporten frå Norconsult har og eit kapittel om påverknad og regionalt arbeid:

«De viktigste argumentene for å velge Haugesund/Sunnhordland-regionen først og som en del av utbyggingen på Vestlandet er:

- *Haugesund/Sunnhordland-regionen har størst behov for plasser med høyt sikkerhetsnivå, 91 plasser i 2014*
- *Haugesund/Sunnhordland-regionen mangler mest plasser (73) på Vestlandet, dvs. en faktor på 46 plasser pr. 100.000 innbyggere, erstatningsplasser (18) ikke medregnet*
- *Ålesund-regionen har nest størst behov med 82 plasser som gir samme faktor med 46 plasser pr. 100.000 innbyggere i 2014, erstatningsplasser (27) ikke medregnet*
- *Resten av Vestlandet mangler kun 7 plasser pr. 100.000 innbyggere, totalt 72 plasser fordelt mellom Stavanger, Bergen, Sogn og Fjordane og Nordmøre/Romsdal.*
- *Haugesund ligger med korte avstander spesielt til Sør-Rogaland med ca. 1 timer mellom store deler av regionene på begge sider av Boknafjorden etter at Rogfast er ferdigstilt*
- *Akutte behov for rehabilitering ved Haugesund fengsel kan spares, ved å prioritere Haugaland/Sunnhordland-regionen.*
- *De nye lokaliseringalternativene har rimelig kort avstand til flyplassen som gjør det mulig å etablere spesialiserte funksjoner hvor flytransport av fanger vil skje i større omfang*
- *Haugaland/Sunnhordland-regionen har arbeidet og ventet lenge (> 10 år) på et nytt fengsel i regionen.*
- *Regionen er også i vekst som gir et øket behov på Haugalandet/Sunnhordland med 10 plasser fram til 2040.*
- *Et nytt fengsel med høy sikkerhet i Haugaland/Sunnhordland-regionen gir også muligheten å se samarbeidet/vekselvirkning mellom høyt og lavt nivå internt i regionen ved videre drift av Sandeid i samme skala.»*

Vurdering

Det er no arbeidd med nytt fengsel i regionen i over ti år. Det er difor positivt at det vert igangsett ein KVVU for nytt fengsel i region Vest. Eit sentralt spørsmål vert då om ein skal leggja lokalt arbeid på vent til den er ferdig, eller arbeida aktivt for å fremja behovet for at Haugesund fengsel må erstattast med eit nytt.

Oppdraget med ny KVVU skulle tildelast i januar 2017. Det er ikkje avklart om dette er gjort enno, så det er grunn til å tru at dette vert forseinka.

Samarbeidsrådet gjekk tidleg inn for å arbeida for Sveio som lokalsjon for nytt høgrisiko fengsel. Det vart difor litt overraskande at Haugaland Vekst hadde opna for at kommunane på Haugalandet kunne spela inn framlegg til lokasjonar, og at det no er seks hovudalternativ.

Sveio kommune har gjort eit grundig arbeid for å skaffa nødvendig dokumentasjon for lokalisering av fengsel i kommunen. Dette vart gjort etter at sentrale politikarar på stortinget meinte at det var viktig at regionen står klar med eit alternativ.

Sandeid fengsel ligg i Vindafjord. Fengselet er kategorisert som eit opent fengsel med lav sikkerheit, og har ein kapasitet på 88 innsette, der 8 plassar er tilrettelagt for kvinner.

Fengselet er ein viktig arbeidsplass for ca. 80 tilsette, og denne viktige institusjonen må ikkje setjast opp i mot eit nytt høgrisikofengsel. Det må vera plass for begge.

Eit nytt fengsel med høg sikkerheit i regionen vil og kunna gje moglegheitene til eit samarbeid / vekselvirkning mellom høg og låg risiko.

I argumentasjonen bør det ikkje vera eit enten eller. Det er Haugesund som høgrisikofengsel som skal erstattast, ikkje Sandeid.

I Strategisk plan for Samarbeidsrådet er det prioritert å arbeida for å få etablert statlege arbeidsplassar. Etablering av eit nytt høgrisikofengsel som erstatning for Haugesund fengsel vil kunna gje eit betydeleg antal nye statlege arbeidsplassar. Med meir enn ein tilsett pr. innsett vert det omtrent same personal faktor som ved ein sjuke- eller pleieheim.

Arbeidsutvala til Samarbeidsrådet og Haugalandrådet er invitert til eit informasjonsmøte i Sandeid fengsel 8.juni.

Saka vet likevel lagt fram no, slik at Samarbeidsrådet kan drøfta korleis rådet skal arbeida vidare med å få realisert nytt høgrisiko fengsel i regionen.

Framlegg til vedtak

1. Samarbeidsrådet for Sunnhordland meiner at det føreligg god og grundig dokumentasjon på at Haugesund fengsel må erstattast med eit nytt høgrisiko fengsel i regionen.
2. Samarbeidsrådet meiner at Sveio peiker seg ut som ein god lokasjon for ei slik etablering.
3. Sandeid fengsel må få rammer til å vidareutvikla seg som eit lågrisikofengsel.

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 25.mai 2018 kl. 09.15
Hydro Husnes, Husnes

Sak 24/18
GJG/rr

SKRIV OG MELDINGAR

a) Konferanse/temadag om dei vg. skulane i regionen 28 september

Det vert lag topp til ein temadag om det vidaregåande skuletilbodet i regionen fredag 28.september.

b) Møte i Sandeid 8 juni

Ordførar Ole Johann Vierdal, Vindafjord kommune har invitert arbeidsutvala i Haugalandrådet og Samarbeidsrådet til eit orienteringsmøte i Sandeid fengsel fredag 8.juni.

c) SKAP - Kurs for reiselivsbedrifter og lokalmatprodusentar i Sunnhordland

SKAP - Magiske augeblikk – og er eit 2x3 dagars kurs med fokus på bedriftsutvikling. Målgruppa er lokalmatprodusentar og reiselivsbedrifter i regionen. Med bakgrunn i den nye merkevara til VisitSunnhordland skal bedriftene arbeida fram strategier for bli kjent for det unike og ekte i Sunnhordland! På samlingane vert det arbeid systematisk med forretningsutvikling, produktutvikling, marknadsføring og kommunikasjon. Bedriftene får verktøy og metodar dei treng for å drive ein lønsam bedrift og byggja si merkevarer. På grunn av stor interesse vert det gjennomført to parallelle kurs med i alt 20 bedrifter og tilsaman 32 deltakarar.

Kurshaldar er Mette Fagerli, gjennom bedrifta Merkeledelse og Torstein Hatlevik, Haaheim Gaard. Kursa er delfinansiert gjennom Matfatet Sunnhordland og restmidlar frå næringsfondet frå 2013.

d) Herifrå 2018

I samarbeid mellom Matfatet Sunnhordland og Venelaget for MS Sunnhordland er Herifrå 2018 under planlegging. Dette kan bli ein fin arena for å syns frå mangfaldet av lokalmat frå regionen. Produsentane som deltok i 2017 har gjeve positive tilbakemeldingar og meldt si interesse for 2018. Herifrå 2018 vert 5.og 6.oktober.

e) Byregionprogrammet

Siste fellessamling i regi av Byregionprogrammet er i Kristansand 29.-31 mai.

f) Søknad om nasjonal status Geopark Sunnhordland

Søknadsfristen for å søka Norsk status som geopark var 31. mars. Søknad om status for Geopark Sunnhordland er sendt inn, og det er og søkt om midlar hjå Hordaland Fylkeskommune om delfinansiering av ei prosjektstilling for utvikling av innhaldet og grunnlag for ein søknad om UNESCO søknad. Søknaden ligg som vedlegg.